

OPERA  
NORDFJORD

2024

# FESTKONSERT TURNÉ

Førdehuset 14. mars kl. 19.00  
Operahuset Nordfjord 15. mars kl. 19.00  
Operahuset Nordfjord 16. mars kl. 17.00



Michael Pavelich



Eli Kristin Hanssveen

Michael Pavelich fyller 70 år og takkar for seg som dirigent i Opera Nordfjord  
Velkomen til eit fyrverkeri av ein festkonsert med den aller beste musikken!

Solist: Eli Kristin Hanssveen

Gjesteartistar: Alexander, Simon og Martha Standal Pavelich, Megan O'Hara

Kor og orkester

Repertoar: Opera, musikal, filmmusikk, symfonisk musikk, korsong

# Kjære publikum



Det er første gong Opera Nordfjord har invitert til Festkonsert, og vi har gledd oss lenge til å feire flott musikk i alle sjangrar og dele den med vårt publikum. Vi har tidlegare invitert til operagallaer, *Requiem*, *Wagner-aften*, *Puccini-fest*, *Beethovens 9. symfoni*, filmmusikk og dataspelmusikk og *Fargespel* – men *Festkonserten* har vi spart til min kjære Michael skal takke for seg etter 26 år i teneste for Opera Nordfjord. Eg tillet meg å vere både personleg og litt privat for første gong på denne «Kjære publikum»- følgjetongen, for då det fall seg slik at Michael sin 70-årsdag var på ein laurdag, tenkte vi at den aller beste bursdags- og avskiltsfesten måtte bli ein heidundrande festkonsert, der vi saman kan feire både god musikk og ein nysslått 70-åring!

Michael og eg har hatt snart 26 minnerike år saman i Opera Nordfjord, og vi har kjent oss veldig privilegerte som har fått lov til å leve midt i eventyret Opera Nordfjord med alle dei gode hjelparane i dugnadsapparatet. Eg vil takke Michael for stødig kunstnarisk og musikalsk leiding gjennom alle desse åra, og sjølv om Michael offisielt er pensjonist frå 17. mars, kan eg ikkje love at eg aldri meir skal spørje han om råd om rollebesetning eller repertoar – han får berre ikkje betalt for å svare!

Eli Kristin Hanssveen er ein av våre store solistfavorittar; ho skal ta oss med på ein spennande musikalsk rundtur, frå virtuose operaarier til filmmusikk og lettbeint og humoristisk flørt med operasjangeren i "The Girl in 14 G" – berre vent og høyr!

Det er ekstra stas å ha med nokre av barna våre, som har vakse opp i Opera Nordfjord. Frå barnekoret i *La Bohème*, *Tosca* og *Carmen* til operakoret i *Norge-Brasil*, *ein opera*, *Madama Butterfly* og *Soga om Sol*, har både Alexander, Simon og Martha fått med seg gode operaopplevingar som born, ungdom og unge vaksne som har forma dei som menneske og utøvarar.

Operakoret har alltid hatt ein viktig plass i Opera Nordfjord sine produksjonar, og på ein festkonsert har koristane ei sjølvstøtt rolle, både som dyktige formidlarar og blide musikkelskarar. I kveld er det lov å både le og gråte, alt etter kva ein føler for; «Å røre ved hjarta» er framleis mitt uoffisielle føremål med Opera Nordfjord. Og ja, om du spør «Er det her det er fest?», er svaret eit rungande «JAAA!»

Kari Standal Pavelich  
Operasjef



Kari Standal Pavelich  
Operasjef

**Telefon:** 951 37 226

**Facebook:** /operanordfjord  
**Instagram:** /operanordfjord

**Nettstad:** operanordfjord.no

**E-post:**  
post@operanordfjord.no

**Besøksadresse:**

Gamlebanken, Eidsgata 10  
6770 NORDFJORDEID

Pb.289,  
6771 NORDFJORDEID

# Persongalleri

## Michael Pavelich



Michael Pavelich kjem frå Flint i Michigan i USA og er kunstnarisk leiar i Opera Nordfjord. Han er utdanna songar og dirigent ved The University of Michigan og var saman med kona Kari ein av initiativtakarane til Opera Nordfjord, der han dei to første åra var tenorsolist. Sidan 2000 har han hatt den musikalske leiinga i samtlige produksjonar.

Våren 2009 sette han opp konsertversjonen og verdspremieren av operaen *Tyrffing* av Johannes Haarklou under opninga av Operahuset Nordfjord. Pavelich har elles hatt dirigentoppdrag for m.a. Oslo Operafestival, Flagstadfestivalen, Operaen i Kristiansund, Ringsakeroperaen, Ålesund Symfoniorkester, Sogn og Fjordane Symfoniorkester og Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda.

Frå 2006 til 2020 hadde Michael det kunstnariske og musikalske ansvaret for dei årlege skulemusikalane ved Eid vidaregåande skule, med regi på m.a. *Oliver*, *Grease*, *Rent*, *Hairspray*, *Legally Blonde*, *Sweeney Todd*, *West Side Story*, *Back to the 80's*, *Spelemann på taket*, *Oklahoma*, *Skjønnheten og udyret* og *Little Women*. I Opera Nordfjord har Michael hatt regi på operaene *Madama Butterfly* og *Søner av Sola (I Puritani)*, *Soga om Sol* og familiemusikalane *The Sound of Music*, *Du er god, du*, *Charlie Brown* og *Annie*. Michael ser tilbake på 26 år i Opera Nordfjord med stor takksemnd og glede når han no takkar for seg etter eit langt yrkesliv i kunsten si teneste.



## Eli Kristin Hanssveen

Eli Kristin har vore solist hjå Den Norske Opera og Ballett sidan 2007. Hennar unike musikalske talent har bana veg for ei ekstraordinær karriere. Ho har ein mangfaldig bakgrunn og meistarar i tillegg til operarollene fleire musikkjangrar, musikkteater og skodespel. I 2013 song ho seg inn i hjarta til det norske folk gjennom TV-programmet *Stjernekamp*, der ho seinare år også har vore duettpartner og opera coach. I år var ho deltakar i Melodi Grand Prix, med sin eigen låt «Touch of Venus».

Ho har mellom anna sunge tittelrolla i *Madama Butterfly*, *Violetta* i *La Traviata*, *Pamina* i *Tryllefloyten*, *Musetta* i *La Bohème*, *Woman* i *Elysium* og *Liù* i *Turandot*. Eli Kristin har tidlegare vore solist for Opera Nordfjord i *Mannen frå La Mancha* i 2020 og 2022 og i *Jorden rundt på 80 dagar* i 2021. Ho har vunne ei rekke prisar og vart i 2009 den fyrste songaren til å motta Tom Wilhelmsen Stiftelse Opera & Ballettpris for «sitt særskilt talent og fremragende kunstneriske innsats». Eli Kristin har skipa operafestivalen Operafest Røykenvik, der ho er kunstnarisk leiar.



## Alexander Pavelich

Alexander Pavelich er oppvaksen på Nordfjordeid med korps, operaorkester og band som musikalsk inspirasjon i ungdomsåra. Han har si utdanning frå LIPA i Liverpool, og etter fleire år som frontmann i P3-favorittane Eye Emma Jedi og Lovespeake har han skifta beite og blitt ein av dei mest ettertrakta pop-låtskrivarane i Noreg.

Han har skrivne internasjonale hits for verdskjende artistar som David Guetta, Jason Derulo, Michael Bublé, Purple Disco Machine, Quavo og Gucci Mane, samt K-pop supergrupper som Twice, Itzy, IVE og The Boyz. Etter å ha toppta både radio- og albumlistene i Tyskland med fleire artistar, har Alexander nyleg signert platekontrakt hos Columbia Records Germany, og pusta nytt liv i solo-karriera med den ferske singelen “So Happy I Could Die”. Gjennom heile 2023 gjekk samarbeidet med Off Key Junior, “Taste Like Summertime”, som eit farsott på tysk radio. Nye spennande prosjekt står for tur i 2024, så det er berre å følgje med på hitlistene!



## Simon Pavelich

Simon har vore aktiv i opera- og teatermiljøet på Eid og elles i fylket med hovudroller i *Grease*, *Rent*, *Fame*, og fleire roller i Opera Nordfjord sine produksjonar, mellom anna *Norge - Brasil*, ein opera, *Jorden rundt på 80 dagar*, *Reisa til Julestjerna*, *Annie*, og i *Mannen frå La Mancha* spelte han rolla som eseldrivaren Pedro både på Eid og i Operaen i Oslo. I 2015 spelte han rolla som Anton i krigsdramaet *Staveneset.Krig* i regi av Jeff Pedersen Productions. Han har tidlegare studert teater ved Rose Bruford College i London og musikkteater ved ICTheatre i Brighton, England. I 2021 regisserte han *My Whisper to You*, hans første dramatiske kortfilm som han også skreiv, redigerte og spelte i. Hausten 2023 gjorde Simon rolla som JoJo i musikalen *Soga om Sol*.



## Martha Pavelich

Martha Pavelich frå Eid er utdanna musikalartist med bachelorgrad frå Institute for Contemporary Theatre i Brighton, England. Ho har praktisk talt vakse opp i takt med Opera Nordfjord - og har i mange år delteke i ulike produksjonar, som *Carmen*, *Madama Butterfly*, *Flaggermusen*, *Søner av Sola*, *Maskeballet*, *Sildagapet*, *La Traviata* og *The Sound of Music*. Her har Martha vore både korist og dansar, og i operaen *Sildagapet* spelte ho hovudrolla Inga. Martha gjorde rolla som Ellen Arlington i musikalen *Soga om Sol* hausten 2023.



## Megan O'Hara

Megan kjem frå Brighton, England og vart uteksaminert som musikalartist frå Institute of Contemporary Theatre Brighton i 2020. Ho har tidlegare sunge roller i *Oklahoma* (SO Musical Theatre), *A Chorus Line*, *The Pajama Game*, *A Street Car Named Desire* (Apollo), *Little Shop of Horrors*, *Oliver* (CNCS Productions), *Sleeping Beauty* (Jordan's Productions) og *Cinderella* (H2 Productions). TV-opdrag omfattar Green Point Commercial, Hypervolt Commercial og HiHi 3 Commercial. Megan var ein av dansarane i *La Traviata* for Opera Nordfjord i 2022.

# Program

**Tocatta og fuge i D-moll – J.S. Bach/Stokowski**

**Vissi d'Arte frå *Tosca* – Giacomo Puccini**

Solist: Eli Kristin Hanssveen

**Bring Him Home frå *Les Misérables* – Claude-Michel Schönberg, arr. Fedor Vrtačnik**

Solist: Alexander Standal Pavelich

**Va pensiero (Slavekoret) frå *Nebukadnesar* – Giuseppe Verdi**

**Tonight frå *West Side Story* – Leonard Bernstein**

Solistar: Megan O'Hara og Simon Standal Pavelich

**Depuis le jour frå *Louise* – Gustave Charpentier**

Solist: Eli Kristin Hanssveen

**Tom & Jerry at MGM – Scott Bradley, arr. Michael Barry**

**Once upon a Time in the West, Main Theme – Ennio Morricone**

Solist: Eli Kristin Hanssveen

**One Day More frå *Les Misérables* – Claude-Michel Schönberg, arr. Fedor Vrtačnik**

Solistar: Alexander, Simon, Martha, Megan, Paul Jacob, Håkon og Tuva

## PAUSE

**Star Wars Suite for Orkester – John Williams**

Main Theme – Imperial March – Throne Room/Finale

**The Girl in 14 G – Jeanine Tesori, arr. Fedor Vrtačnik**

Solist: Eli Kristin Hanssveen

**Shenandoah (Amerikansk folkesang) – arr. James Erb**

**When I look at You frå *Scarlet Pimpernel* – Frank Wildhorn**

Solist: Martha Standal Pavelich

**Påskekoret frå *Cavalleria Rusticana* – Pietro Mascagni**

Solist: Eli Kristin Hanssveen

**Ya' got Trouble frå *The Music Man* – Meredith Willson**

Solist: Michael Pavelich

**The Prayer – D. Foster, C. Bayer Sager, A. Testa, T. Renis, arr. Jens Wendelboe**

Solistar: Eli Kristin Hanssveen og Alexander Standal Pavelich

**Battle Hymn of the Republic – arr. Peter J. Wilhousky**

**Allsang Battle Hymn of the Republic:**

***Glory! Glory! Hallelujah! x3***  
***His truth is marching on.***

# Orkesteret

## Fiolin 1

### Jonas Båtstrand

Miriam Bergset  
Mari Okshovd  
Hallvard Holm Høgemo  
Henri Eftevand  
Øyvind Skatvedt Robak  
Hsiang-Yin Hsiao  
Ellen Fjærvoll Samdal

## Fiolin 2

Iain Gibbs  
Oliver Dyb  
Daniel Bozecevic  
Weronika Matusiak  
Otto Ose  
Kari Standal Pavelich

## Bratsj

Agnes Elizabeth Pavelich  
Yauheniya Mazynskaya  
Heidi Johnstad Arnesen  
Johanne Skaansar

## Cello

Henrik Silfverhielm  
Ingeborg Skomedal Torvanger  
Brage Botn Seim  
Hans Holgersson

## Kontrabass

Steinar Haugerud  
Aslak Skau  
Charlotte Henry

## Fløyte

Helga Lied Wyrzt  
Rebecca Smilovski  
Linn Marie Haram

## Obo

Eliska Slavikova  
Svein Olav Sandvik

## Klarinett

Aksel Hovdar  
Jan Inge Moksnes  
Elisabeth Røgeberg

## Fagott

Haavard Løktning Larsen  
Jonathan Sandqvist

## Horn

Andrius Dirmauskas  
Asgeir Søfteland  
Anita Andersson  
Magnhild Tafjord

## Trompet

Per Håkon Oftedal  
Julia Gåsvær  
Aksel Holdhus

## Trombone

Andreas Rotevatn  
Unn Elin Carlsen  
Leif Aslaksrud

## Tuba

Eldri Rimmereid

## Harpe

Ellen Sejersted Bødtker

## Piano/celeste

Noemi Utasi

## Slagverk

Thomas Aanonlie  
Andreas Bergset  
Elias Eikenes Osland  
Nicolai Sandnes

## Teknisk

### Produsent

Ine Nord

### Lydteknikk

Øyre Lyd v/ Trond Øyre

### Lysteknikk

Førdehuset: Anders Bruland  
Operahuset Nordfjord: Ovar Holmen

## Sopran

Ane Fitje Woxen  
Aslaug Berget Alsaker  
Bente Kristin Humborstad  
Birgit Båfjord  
Dina-Karin Bjørkedal  
Eli-Karin Bergheim  
Galyna Gokdere  
Gerd Fløde Bjørlo  
Grethe Espe  
Hege Hafsås  
Heidi Erviksæter Hals  
Ingrid Navelsaker Sandvik  
Lise Rønnestad  
Maja Kvalsvik Haugen  
Martha Standal Pavelich  
Nora Nyhammer-Taklo  
Reidun Vambeset  
Runa Bergem  
Sol Alme Brendefur  
Solfrid Rindal  
Torild Nidemann Storfjord  
Tuva Nyhammer-Taklo  
Åsaliv Røgeberg

## Alt

Anne Karin Rand  
Anne Tykhelle  
Astrid Solhaug  
Elin Leikanger  
Grethe Håheim  
Helga Håvik Hjelmeland  
Jorund Levorstad  
Karin Grodås Nesheim  
Karoline Kjerpeseth

Liudmyla Mladshikh  
Liv-Elin Nor  
Mariann Bergset Kongsvoll  
Sigrid Husevåg Edler  
Siv Nord Olsen  
Synnøve Aasebø  
Synnøve Fagerstrand  
Torild Natvik  
Åse Bruvik  
Åse Rosø

## Tenor

Anton Mladshikh  
Alf Reidar Melvær Vadøy  
Berner Midthjell  
Håkon Bøen  
Håvard Furnes  
Knut Sverre Nes  
Leif Årskog  
Per Bøen  
Steinar Daviknes  
Svein Sundal  
Terje Moldestad  
Trine Ramnefjell  
Vegard Hjartholm

## Bass

Bjørn Haugland  
Jon Sverre Arnestad  
Paul Jacob Helgesen  
Roar Halkjelsvik  
Rune Heggen  
Tor Myklebust  
Ørjan Haugland



# Figaros Bryllup

Komisk opera i fire akter av  
Wolfgang Amadeus Mozart

Musikalsk leiing: Eva Holm Foosnæs  
Regi: Ronald Rørvik

02.10. kl. 18.00 (Premiere)  
04.10. kl. 18.00, 05.10. kl. 17.00,  
07.10. kl. 14.00, 09.10. kl. 18.00,  
10.10. kl. 18.00, 12.10. kl. 17.00,  
13.10. kl. 14.00

## Musikkteaterskule i sommarferien 22.-27. juli 2024

Likar du å synge, danse og spele teater? Bli med på musikkteaterskulen vår!

**Påmelding: [www.operanordfjord.no/pamelding](http://www.operanordfjord.no/pamelding)**

STOR TAKK TIL VÅR HOVUDSPONSOR:



# SparebankenVest

TAKK TIL VÅRE OFFENTLEGE BIDRAGSYTARAR:

